

Hopland

TEMA: Byggjeskikken ①115,
Den gløynde saga ①27
KART: ④429

Gardsbusa på bruk nr. 15 på HOPLAND er bygde i bop til ein lang samanhengande bygning, med stovebus, løe og flor liggjande på rekkje. Det har funnest mange slike samanbygde anlegg i kystbygdene, men i dag er det få att av dei. Kjem vi over til den andre sida av Nordsjøen, til Færøyane, Shetland og Orknøyane, finn vi tilsvarende trekk i den eldre byggjeskikken. Vi er i eit stort nordatlantisk kulturområde.



Det samanbygde anlegget på Hopland.

Stovehuset, bygt i 1851, er ei lemstove med kjøkken og gang i midten og ei steinmurt skykkje i den sørvestre gavlen. Den grindbygde løa ligg innanfor ein stor gråsteinsmur mot sørvest, mot slagregnet og dei harde vinterstormane. Den tømra floren står inne i løa, og på austsida er det ei langsgående sval mellom stavrekkja og ytterveggen. Det er interessant å kunna

konstatere slektskapen i bygningsformer på gardane i det treberre kystlandskapet på begge sider av Nordsjøen. Bruken av stein er naturleg nok enno meir utbreidd på Shetland enn på den norske vestkysten, men den same form for økonomisering med ressursane finn vi både i kystbygdene på Vestlandet og på Vesterhavs-øyane. □

FLINTOFFERET FRÅ HOPLAND

På garden Hopland vart for eit par mannsaldrar sidan funne 26 flintskiver – flatvorne, skarpkanta flintstykker. Dei låg tett saman i jorda, om lag som dei skulle ha lege i ein pose eller vore innpakka i noko som no var vitra og borte.

Fleire liknande funn er kjende, både frå Vestlandet og landet elles. Flintskivene er mest alltid av god kvalitet og er tydeleg utvalde med særleg omhug. Dei er emnestykke, halvfabrikata – ikkje ferdige reiskapar – og er lagde ned samla, gjerne i myr eller våtlend mark. Det er nærliggjande å tru at dei var tiltenkte ein guddom eller eit vette som offer.

Slike flintoffer var særleg vanlege mot slutten av yngre steinalder. Funnet frå Hopland kan daterast til mellom 2400 og 1800 år f. Kr.



Hoplandskvernene kring 1940.

HOPLANDSKVERNANE

Kvernhusvågen ligg nokre kilometer sør for Hoplandsgarden. I matrikkelen for 1667 ser vi at det har vore to kverner på Hoplandsgarden. I bekken som renn frå Langevatnet, ligg dei to kvernhusa etter kvarandre, med ein liten høgdeskilnad, slik at begge kvernane nytta den same vassmengda. Det er også mogleg å driva begge kvernene uavhengig av kvarandre. Kring 1900 vart det bygt vassrenner, slok, i stein.

Til Hoplandskvernane kom ein lettast i båt. Men det hende også at ein gjekk ut gjennom marka, med mat til dei som var på kverna og mol. I dag kan du følgja ein merka stig ein halvtimes veg frå Littlelindås ved Fosnstraumen. Begge kvernhusa, med demning og slok, er tekne vare på og sette i god stand.



FØRLAND

FØRLAND er ein gard i lynchilandskapet, men sjolve namnet fortel om furuskog i gammel tid, og dette vert stadfesta av pollenprøver. I langhuset på Førland ligg det ei tømra stove og kjøkken innanfor ein stor gråsteinsmur mot sørvest, bygde saman med ei grindbygd løe og ein tømra flor. Langs stova ligg det ei torvsval mot vest, innanfor ein gråsteinsmur, og grindbygd staur-sval mot aust. Bygningen er over 20 meter lang og 9 meter breid i sørgavlen; eit komprimert samanbyggt anlegg. Huset vart restaurert i 1991/92.

